



VIL DU BLI STØTTEKONTAKT?



Bjørnafjorden kommune treng til ei kvar tid personar som ønskjer oppdrag som støttekontakt.



Det skal vera givande og hyggeleg å ha oppdrag som støttekontakt. Samstundes er det viktig at tilboden til tenestemottakaren blir både tenleg og forsvarleg. Alder, kjønn, personlegdom og interesser spelar ei avgjerande rolle når vi skal kopla støttekontakt og tenestemottakar.

Er du ein person som er:

- Påliteleg og stabil
- Har gode samarbeidsevner
- Har respekt for andre menneske
- Har overskot til å gi av deg sjølv
- Har evne til å etablera kontakt
- Er trygg på deg sjølv
- Kan setja grenser

Ja, då treng vi deg på laget vårt!



Kven får tenestetilbodet støttekontakt?

Dei som tek imot ei slik teneste frå kommunen er personar som treng hjelp til å skaffa seg ei aktiv og meiningsfull fritid, eller som treng avlasting i ein vanskeleg livssituasjon. Personar i alle aldrar og i alle livsfasar kan ha vedtak om støttekontakt.

Kva er ein støttekontakt?

Ein støttekontakt hjelper personar som har behov for sosialt samvær eller støtte til å ta del i kultur- og fritidsaktivitetar. Aktivitetar kan til dømes vera å gå på besøk til tenestemottakaren, gå på tur, kino, kafé, trening eller andre sosiale aktivitetar.

Støttekontakten er oppdragstakar, ikkje fast tilsett, men får godtgjering og rettleiing frå Bjørnafjorden kommune.





Korleis søker du om å verta støttekontakt?

Ta gjerne kontakt med støttekontakttenesta på: tlf. 91776395 eller
epost: stottekontakt@bjornafjorden.kommune.no

Du kan leggja inn din søknad på eit interesseneskjema som du finn på kommunen sine heimesider bjornafjorden.no:

- Kultur, idrett og fritid - Tilrettelagt fritid og frivillig

Bli med!

Alle foto i denne brosjyren: Francisco Munoz